

Doktor Haugen slik du minnest han 12.

22.12.2014



**Telefonsvaret.**

**Vi veit at dr. Haugen hadde ein svært så travel arbeidskvardag med det vidstrakte området han skulle dekkja. Derfor måtte han utnytta tida svært effektivt. Det er mange døme på at han klarte det. Ståle Eik har fortalt ei historie om dette.**

Yngste syster til Ståle, Sigrunn, var sjuk, og mora, Sunniva Eik, fann ut at det var rett å kontakta doktoren då den vesle jenta var ganske dårleg. Då ho fekk kontakt med Haugen, bar ho fram ærendet sitt, men ho uttrykte seg nok litt nølande då ho ikkje visste kva som mangla, og sa at ho visste no ikkje om det var nødvendig med doktor.

'Du får ringe når du vet det da' var det kjappe svaret, og klask så var telefonrøryret på og samtalen avslutta.

Det er fleire som kan fortelja om liknande opplevingar så kanskje dette var 'datidens telefonsvaret'.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.